

Til:

Arve Haugland
Aslak Pollestad
Kristin Lindal
Leon Luca Rettedal
Linnea Håland
Maren Krag
Ole Gausland
Oskar Vigre
Torvald Reime

Dykkar ref.

Vår ref.

17/34130 TRHE

Arkivkode

035 A20

Dato

13.11.2017

Referat frå elevrådsmøte Bø skule

Dato: 08.11.17

Desse møtte: Alle

Saker:

07/ 17/ 18: Barn og unges kommunestyremøte, kort tilbakemelding frå Kristin, Ole og Oskar som var på møtet.

Det vart bestemt at 30 000 kr blir delt mellom skulane. Vi på Bø vil bruke pengane på kanonballturnering. Meir info om dette kjem når vi byrjar med å planleggje det.

04/ 17/ 18: Fordelinga av banene: korleis går det på banene no? Trinna opplever at det går greitt, utan for mykje konflikhtar.

Har ATO fått tid i ballbingen? Nei, dei har ikkje fått oppsett. Ina undersøker.

09/ 17/ 18: Anna:

-Rosavakter; kan vi ha rosavakter igjen? Nokre elevar frå 7. kan ha aktivitetar ute i friminutta. Vi undersøker vidare kven som vil, og kva.

-Nokre elevar ynskjer lengre tid i kantina. Det er truleg ikkje aktuelt. Ein må passe på å kome i gong med etinga med ein gong, og ikkje vase seg vekk. Lærarane må og passe tida så ein kjem til kantina i tide. Men Ina tar saka likevel vidare med rektor, så høyrer vi kva ho seier.

-Frukt: fleire trinn opplever at det ikkje nok frukt nokre gongar. Det er og elevar som ikkje har betalt for frukt som tar, spesielt om det er noko spesielt godt. Det er ikkje greitt, det er steling frå dei som har betalt. På 4. og 5. trinn er det og elevar som tigger frukt av andre og er grådige. Ina tek dette vidare med lærarane på desse trinna.

-Ynskje om mat i kantina: skinkeost, spekeskinke. Varmmat: arme riddarar. Ønske om salat oftare. Ina høyrer med Ruby Grete om det kan vere aktuelt.

-Blackballane havnar opp i nettet over gymsalen. Kan vi få nye? Eller få dei ned?

Ina E. B. Vigre

Kontaktlærer for elevrådet

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur